

Emne nr. 76

Tillegssp. -----

Emne: Dei "kloke"

Oppskr. av L. J. Mork, 75 år

(adr. i Afset

Kilder: Mest egen erbynsle, men og hørt av andre.

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Kvernes

Bygdelag: Averöya

Gard: Mork i Kvernes

Gnr. 10 bnr. 8

Eg kan berre nemna eit par-tre ekspl. her frå distriktet, og det er dessverre berre lite eg kan opplyse om kvar enkelt.

1. Truleg for 80-90 år sidan var det her i distriktet ein mann med namn Garberg. Döpenamnet er eg ikkje sikker på, men trur meist han heite Ola. Han var opphaveleg frå Trøndelag, noko namnet tyr på, men eg hugsar dei fortalte at hoi tid budde på Kvernes prestegard.

Hans spesialitet var "led-dokter", og han var ein rein ekspert til å få på plass lemmar som var gått ut av led. Elles skulle han og stelle med andre ting også, utan at eg kan gi nærare opplysingar om det.

Det var fortalt at han hadde skaffa seg sine kunnskap i "faget" frå eige sjukeleie, der han i lang tid låg tilsengs for ein eller annan svar led-sjukdom. Han studerte under dette sjukeleie sin eigen anatomi og övde seg på å ta ut og sette i led igjen lemmar på seg sjöl. Etter at han vart frisk reiste han mykje rundt og stella med folk som hadde led-lidelser.

At han var meir enn vanleg dyktig, er det ikkje tvil om. Enno lange tider etter at han var död, gjekk det rosande gjetord om han, og hans namn var kjent og akta viden om.

2. Maria Björshol heite ei kone som levde og virka frå århundreskiftet og utover. Ho var truleg frå Bremsnes, men budde dei siste åra ho levde på Nordlandet i Kristiansund og døde omkring 1925-30

Ho stelte med sjukdomar som vanlege lekjarar sto meir aforståande over, særleg "engelsk sjuke", eksen o. l. Medisinet ho bruka var avkok av planter som patientane både skulle "ta inn" og vaskast med. At ho kunne vera heldig med sine kurar, er det utallige dømer på. Personleg har eg erfaring for det, da ho ein gong stella med eit av mine eigne barn og med godt resultat.

Også Maria Björshols namn var både akta og kjent.

3. I denne samanheng skal eg nemna eit tredje namn: Torstein Rövik, gardbrakar i Gjemnes herad.

Hans spesialitet var å kurere sjuke husdyr - noko som truleg ligg utanom det her nemnte emnet, men eg tar namnet hans med like vel.

Torstein Rövik var ein mann med interesser og evner langt over det vanlege. Han var ei tid kommunens ordförar og hadde og fleire <sup>andres</sup> offentlege ombod. Utan nokor sers utdanning - han hadde i unge år gått landbruksskolen - hadde han skaffa seg inngående


kjennskap til husdyra sin anatomi og hadde ei forbau-  
sande evne til å treffe den rette diagnose når eit  
dyr var sjukt. Han sa aldri nei, når nokon ba om hjelp.  
Det kunne vera fødselshjelp, mjølkefeber, sår, for-  
døyelses-sjukdomar og anna, og han tok like eller ikkje  
betaling, så han ble sjøl meir fattig enn rik av dei  
tjenester han gjennom eit langt liv gjorde. Veteri-  
nærane hadde den største respekt for mannen og hans  
virke.

Kort før sin død vart han etter opptak frå Møre  
Landbruksselskap tildelt Kongens fortjenstmedalje i  
gull, ikkje minst for sin innsats på ~~xxxxxxx~~ det  
husdyrmedisinske felt.

Hans son er den kjente kirurg dr. Gunnar Røvik  
ved Rikshospitalet, Oslo.

Mork den 3. mai 1960.

Hilsing:



L. J. Mork.

E. s.

Dessverre ble det tilsendte originale papir  
forlite denne gong. Eg vonar De gjer dykk tjent  
med svaret mitt på denne måten.

D. u. S.